

Bilag 1 Oppdragsgivers kravspesifikasjon

Bakgrunn:

Styringsdokument for samanslåing:

- «Nordhordland kommune» Forhandlingsutvalet til Lindås, Meland og Radøy si intensjonsavtale for ny kommune
- Styringsdokument for gjennomføring av kommunesamanslåing. Radøy kommune, Meland kommune og Lindås kommune
- Omstillingsavtale

Anna særse relevante styringsdokument:

- Kommunikasjonsstrategi 2.0

Radøy kommune, Meland kommune og Lindås kommune skal slå seg saman til Alver kommune 1. januar 2020. Vi brukar ikkje ordet samanslåing, men har samla oss om slagordet «Vi byggjer Alver kommune». Vi er no i full gang med å byggje Alver kommune.

No-situasjon:

Februar 2018 kom heile toppleiargruppa til Alver kommune på plass. Gruppa består av:

- Rådmann
- To assisterande rådmenn
- Leiar for samfunnsutvikling
- Leiar for økonomiavdeling
- Leiar for HR og utvikling
- Kommunalsjef for helse og omsorg
- Kommunalsjef for oppvekst
- Kommunalsjef for teknisk forvaltning og drift

Toppleiargruppa er i gang med å innplassere leiarar til det neste nivået. Målet er at dei fleste tenesteleiarane – 18-20 stk - skal vere på plass i løpet av juni, og resten tidleg over sommaren.

Dei nye tenesteleiarane skal ha rolle som prosjektleiarar for sine tenesteområder, og vil ha ulikt behov for støtte til sine organisasjonsprosjekt. Organisasjonprosjekta vil i hovudsak starte opp til hausten. Eit programkontor med kompetanse på mellom anna arkiv, personal, digitalisering og kommunikasjon skal støtte leiarane i dette arbeidet. Tenesteleiarane skal også gjennom eit eige leiarutviklingsprogram – skreddarsydd for ei endringsprosess av denne storleiken.

Mål:

Leiarutviklingsprogram 2018 – 2020 for toppleiling og tenesteleiarar i Alver kommune har som mål å styrke leiarane som kultur- og identitetsbyggjarar for den nye kommunen. Leiargruppa vil bestå av leiarar med nokså ulik bakgrunn, både med omsyn til formell leiarkompetanse og –erfaring, og kjem frå ulike roller i tre ulike kommunar. Vi ønskjer også å styrke kompetansen som endringsagentar og rolla som strategiske leiarar i den viktige fasen der vi byggjer Alver kommune.

Leiarane har ei vesentleg rolle i å bidra til at vi når dei overordna måla i styringsdokument for samanslåing:

| Hovudmålsetting | | | | |
|--|---------------------------------|--|--|--|
| <ul style="list-style-type: none">Alver kommune er i drift 1. januar 2020 med alle element for ein kommunal organisasjon på plass, bygd på intensjonsavtalen.Alle prosjekt starta av programmet er avslutta og ein gevinstrealiseringsplan for Alver kommune skal vere etablert og overlevert til driftsorganisasjonen innan 1. januar 2020.Oppleving av å høyre til i Alver kommune blant innbyggjarar og tilsette. | | | | |
| Resultatmål | | | | |
| Ein komplett organisasjonsstruktur for den nye kommunen er etablert. | Driftsforstyringar er minimert. | Kommunen sine prosessar er vidareutvikla og forbetra | Synergjar er realisert eller ligg i gevinstrealiseringsplan. | Program for identitetsbygging for innbyggjarar og tilsette er gjennomført. |

Leveranse:

Alver kommune ønskjer tilbod på leiarutviklingsprogram basert på følgjande:

- for perioden august 2018 – juni 2020
- 6-8 samlingar à 2 dagar. Med unntak av første samling 23-24 august 2018, er ikkje dato fastsett
- målgruppe: toppleiargruppe og tenesteleiarar som er innplassert i Alver kommune
- fagleg innhald skal vere forskningsbasert, og ta utgangspunkt i forpliktelsebasert HR som leiingsfilosofi
- tilbydar må vere fagleg ansvarleg for innhald og gjennomføring på todagarssamlingar som er tenkt gjennomført i Bergen og omegn (kan være aktuelt med ulike lokasjoner). Fagleg innhald på kvar samling må vere avklart med oppdragsgjevar.
- det faglege opplegget skal dekke følgjande tema:
 - Kultur og identitet
 - Endringsleiing
 - Leiarskapkap og medarbeidarskap
 - Strategisk leiing

- av omsyn til arbeidsmengde for leiarane i den aktuelle perioden, bør det faglege innhaldet ikkje legge opp til at leiarne skal utføre oppgåver mellom samlingane
- administrasjonsspråket i Alver kommune er nynorsk
- tilgjengeleg kontaktperson (fagperson) hos leverandør som kan rettleie og rådgje leiarar i Alver kommune ved behov undervegs i leiarutviklingsprogrammet.